



Årsmelding 2020

Todalen Grendalag

Styret i Todalen Grendalag mars 2021

Todalen Grendalag - Årsmelding 2020

2020 vart eit spesielt år for alle, òg for Todalen Grendalag. Aktiviteten i Grendalaget vart sterkt prega av koronasituasjonen, på sama måte som for dei fleste andre lag og organisasjonar. Vi har likevel greidd å vidareføre drifta av badeplassen ved båthamna, og det vart rigga julegate. I tillegg har Grendalaget vore med i prosjektet «Porten til Trollheimen», eit prosjekt som ser ut til å få oppstart med skiltoppsetting no i vår. Vidare er det planer om å utvide prosjektet med ein turistapp, elsyklar og andre ting. Elles vart julebordarrangementet vi hadde planar om, saman med Idrettslaget avlyst. Det same vart vår eigen julemarknad, som Karin og Anne Grete hadde jobba med og planlagt i samband med tenninga av julegata laurdag 28.november.

Årsmøtet 2020

Årsmøtet var planlagt gjennomført torsdag 12.mars, men akkurat denne dagen vart Norge som kjent stengt ned. Difor vart årsmøtet utsett til måndag 29.juni, og vart gjennomført i ungdomshuset.

På årsmøtet vart følgjande styre valt:

- Leiar (for 1 år) - Bjørn Gunnar Ansnes
- Nestleiar (for 1 år) - Anne Grete Stokke (kom inn i staden for Maria H. Hagerupsen)
- Sekretær (ikkje på v.) - Karin Halle
- Kasserar (for 2 år) - Jostein Bruset
- Styremedl. (for 2 år) - Øystein Moe
- 1.vara (ikkje på val) - Ola Haugen Ansnes
- 2.vara (for 2 år) - Jo Gjeldnes

Styret:

Det gamle styret hadde 2 møter før årsmøtet, medan det nye styret har hatt 3 møter etter årsmøtet.



Nytt og gammalt styre. Foto: Elinor Bolme



Årsmøtet 2020. Foto: Elinor Bolme

Økonomi:

Rekneskapen viser eit underskot på 2.500,-. Størstedelen av underskotet (2.210 kroner) skuldast at vi i 2020 har overført innbetalingar via vipps til Todalspålen som har kome inn på vår konto, men som tilhørde Todalspålen.

I 2020 fekk Grendalaget tildelt 2.000,- kroner frå Surnadal kommune i samband med tildeling av tilskott til lag og organisasjonar.

Aktivitet:

Som tidlegare nemnt, så vart aktiviteten i 2020 redusert som følgje av koronasituasjonen. Følgjande aktivitetar er gjennomført i 2020:



Dugnad på badeplassen. Foto: B G Ansnes



Julegata 2020. Foto: B G Ansnes

- Onsdag 15.januar
- Måndag 15.juni
- Måndag 29.juni
- Torsdag 26.november
- Laurdag 28.november
- Nedgrigging av julegata
- Dugnad på badeplassen
- Årsmøte
- Rigging av julegata
- Tenning av julegata



Rigging av julegata. Foto: B G Ansnes



Hett & Svett julepynta. Foto: B G Ansnes

Barnehage og skule

Det er no bestemt at Todalen skule blir lagt ned frå 1.august 2021, og elevane flytta over til Stangvik skule på Evenshaugen eller Surnadal barne- og ungdomsskule.

Barnehagen har òg få barn, men her blir det i alle fall drift fram til hausen 2022. Kva som skjer etter dette, vil vere avhengig av korleis søkjartala blir i tida som kjem.

Befolkningsutvikling 2019 - 2020

I perioden 1.januar 2020 – 31.12.2020 minka folketalet i Todalen med 7 personar. Gledeleg det siste året at det vart fødd 2 ungar.

Nedgangen i folketalet utgjør gjennom året -2,3%.

Som tabellen på neste side syner, gå gjekk gjennomsnittsalderen i perioden opp frå 46 år til 46,7 år.

Aldersfordelinga, i tabellen på neste side, syner at det pr. 31.12.2020 var 10 ungar i barnehagealder, og 26 ungar i alderen 6 – 13 år. Elevtalet på skulen var på same tidspunkt 23, og ville frå 1.8.2021 vore 20.

2020 - Folketal - Todalen (Svinvik - Kårvatn)

Aldersintervall	0-5 år	6-13 år	14-19 år	20-29 år	30-39 år	40-49 år	50-59 år	60-69 år	70-79 år	Over 80 år	SUM
Pr.: 31.12.2020	10	26	24	35	16	35	44	45	48	19	302
Pr.: 31.12.2019	9	31	26	31	21	37	42	46	48	18	309
Endring	1	-5	-2	4	-5	-2	2	-1	0	1	-7
Endring i %	11,1 %	-16,1 %	-7,7 %	12,9 %	-23,8 %	-5,4 %	4,8 %	-2,2 %	0,0 %	5,6 %	-2,3 %


Kjønnsfordeling

	Totalt:	Kvinner:	Menn:
Pr.: 31.12.2020	302	137	165
Pr.: 31.12.2019	309	137	172
Endring	-7	0	-7
Endring i %	-2,3 %	0,0 %	-4,1 %

Gjennomsnittsalder

Gjennomsnittsalder Pr.: 31.12.2020	46,7 År
Gjennomsnittsalder Pr.: 31.12.2019	46,0 År
Endring	0,7 År

Aldersfordeling



Til slutt:

Til slutt vil styret takke alle samarbeidspartnarar for året som har gått. Vi håper koronasituasjonen vil betre seg utover året, slik at vi kan få «normale» tilstandar att, med eit høgare aktivitetsnivå i inneverande år, enn det som har vore i 2020.

Todalen 22.mars 2021

Bjørn Gunnar Ansnes Anne Grete Stokke Karin Halle Jostein Bruset Øystein Moe